

---

Saksnr: 2020/76357-2  
Saksbehandlar: Heidi Bjønnes Larsen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		10.12.2020

## Høyrings svar frå Vestland fylkeskommune - forskrift om nasjonale tilretteleggingsmidlar til næringsutvikling og kompetanseheving i landbruket

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek høyrings svaret slik det ligg føre i denne saka.

## Samandrag

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslag til forskrift om nasjonale tilretteleggingsmidlar til næringsutvikling og kompetanseheving i landbruket på høyring. Høyringsfrist er 18.12.2020. Grunna kort frist vert saka lagt fram direkte til fylkesutvalet.

Under jordbruksoppgjæret i 2019 avtalte jordbruksavtalepartane at det skulle opprettast ei tilskotsordning for å styrke verdiskapinga i landbruket gjennom tilretteleggande tiltak på nasjonalt nivå innan næringsutvikling og kompetanseheving. Ordninga blei kalla nasjonale tilretteleggingsmidlar (NT). Formålet med opprettinga av NT-ordninga er behov for å stimulere til utviklingsarbeid med nasjonal nytteverdi innafor både næringsutvikling og kompetanseheving, og bidra til fellesskapsløysingar. Vestland fylkeskommune meiner at forskrifta er dekkjande i si utforming, men peiker mellom anna på at prosjekt som er fylkesoverskridande bør inngå i ordninga.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Utkast til NT-forskrift 6.11.20

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I tilknytning til jordbruksoppgjeret 2019 vart avtalepartane einige om å opprette ei tilskotsordning for å styrke verdiskaping i landbruket gjennom å leggje til rette for tiltak på nasjonalt nivå innan næringsutvikling og kompetanseheving. Ordninga skulle gjelde frå 2020 og heite nasjonale tilretteleggingsmidlar (NT). Samtidig vart det bestemt at tilskot til kompetanseutvikling i landbruket (KIL) skulle verte innlemma i den nye ordninga, og at Landbruksdirektoratet skulle ha forvaltningsansvaret for den nye ordninga.

Landbruksdirektoratet vart bedd om å gå gjennom grenseflatene i den nye ordninga mot tilstøytane ordningar. I rapporten frå gjennomgangen rår Landbruksdirektoratet til at KIL-midlane vert inkludert i NT på ein integrert og heilskapleg måte. Vidare tilrår Landbruksdirektoratet at den nye ordninga vert regulert i ei forskrift og ikkje ålene i enkeltvedtak, slik som KIL-ordninga har vore forvalta fram til no.

### Formål med nasjonale tilretteleggingsmidlar

Formålet med NT-ordninga er å stimulere til utviklingsarbeid med nasjonal nytteverdi innan både næringsutvikling og kompetanseheving, og bidra til fellesskapsløysingar. Landbruksnæringa er kjenneteikna av små føretak som kvar har avgrensa kapasitet til å drive utviklingsarbeid og kunnskapsutvikling som kjem næringa som fellesskap til gode. Det eksisterer i dag verkemidlar med eit tilnærma likt føremål på regionalt nivå, i form av regionale tilskot til næringsutvikling i landbruket (RT) og regionale tilskot til rekruttering og kompetanseheving i landbruket (RK), som er forvalta av fylkeskommunen. På nasjonalt nivå har KIL-midlane vore nytta til utvikling av nasjonale eller fylkesoverskridande kompetansetilbod i landbruket. Det går ein viktig grensegang mellom NT-ordninga og bedriftsretta verkemidlar som vert forvalta av Innovasjon Norge. Vidare skil NT-ordninga seg frå dei regionale tilskotsmidlane ved at det vert stilt eit krav om nasjonal nytteverdi.

### Utlysinga av nasjonale tilretteleggingsmidlar 2020

NT-ordninga vart lyst ut i 2020. Det vart sett av 13 millionar kroner til ordninga i jordbruksoppgjeret. Landbruksdirektoratet utforma retningslinjer for forvaltning av ordninga for 2020 i dialog med departementet. Retningslinjene tok utgangspunkt i Prop. 120 S (2018-2019), regelverk knytt til forvaltning av RT-midlane og gjeldande retningslinjer for KIL. I utlysingsteksten vart det lagt til grunn at ordninga skulle støtte nasjonale eller fylkesoverskridande tilretteleggingstiltak innan næringsutvikling og kompetanseheving med mål om å styrke verdiskapinga i landbruket. Ordninga har fram til no vore forvalta gjennom enkeltvedtak som bygger på nemnde retningslinjer.

### Om tilskot til kompetanseutvikling i landbruket (KIL)

KIL-ordninga har sidan 2001 eksistert som ei tilskotsordning over jordbruksavtalen på nasjonalt nivå til utvikling av kompetansetilbod i landbruket. Ordninga sprang ut frå eit behov om å utvikle etterutdanningstilbod for jordbrukarar. KIL-midlane skulle bidra til kompetanseutvikling for yrkesutøvarar innan primærlandbruket eller innafor andre næringar i tilknytning til landbruket.

KIL har vore forvalta med utgangspunkt i retningslinjer, overordna føringar i tildelingsbrev og jordbruksproposisjon. Da ordninga vart forvalta av Matmerk var det knytt ei faggruppe til ordninga med representantar frå jordbruket, med Landbruks- og matdepartementet som observatør. Faggruppa si rolle var å foreslå faglege prioriteringar til utlysingsteksten, handsame søknadar og innstille til Matmerk sitt styre. Faggruppa vart ikkje vidareført da forvaltningsansvaret vart overført til Landbruksdirektoratet, men det vart bedt om innspel på faglege prioriteringar frå representantar for avtalepartane, samt at avtalepartane har gitt innspel på innkomne søknader.

### Vestland fylkeskommune sine kommentarar til forskrift om nasjonale tilretteleggingsmidlar til næringsutvikling og kompetanseheving i landbruket

Under er dei lovparagrafane som Vestland fylkeskommune ynskjer å kommentere referert. Dei lovparagrafane som dekkjer administrasjon av ordninga og som Vestland fylkeskommune ikkje ynskjer å kommentere er ikkje referert. Forskrifta er sendt ut på bokmål, for å vere tru mot ordlyden i forskrifta er ikkje teksten i dei paragrafane ikkje endra til nynorsk.

### § 1 Formål

«Formål med tilskudd etter forskriften er å bidra til å styrke verdiskapingen i landbruket gjennom tilretteleggende tiltak som bidrar til fellesskapsløsninger innen næringsutvikling og kompetanseheving av nasjonal nytteverdi innenfor de rammer Stortinget har trukket opp.»

Høringsnotatet seier at Landbruksdirektoratet utformar utlysinga av tilskotsmidlane i samsvar med de føringane som er satt i forskrifta, jordbruksoppgjæret og statsbudsjettet. Formålet med ordninga er definert vidt i § 1. I all hovudsak vil dette innebere føringar som følgje av Stortinget si handsaming av dei årlege jordbruksoppgjæra eller i dei ordinære budsjettproposisjonane. Vestland fylkeskommune sluttar seg til formålet med forskrifta.

### § 2 Tilskuddsmottaker

«Tilskudd kan gis til organisasjonar, forsknings- og utviklingsinstitusjonar og foretak registrert i Enhetsregisteret, samt fylkeskommunar og kommunar.»

Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at fylkeskommunar kan stå som søker på NT-midlar. Det er positivt at fylkeskommunane kan søkje tilskot for å gje tilbod til yrkesutøvarar av nasjonal karakter. Samtidig legg vi merke til at RT-forskrifta gir avgrensa moglegheit for fylkeskommunen til å gjere det same på regionalt nivå.

### § 3 Tiltaksområder

«Det kan gis tilskudd til tilretteleggingstiltak innan landbruksbasert næringsutvikling med nasjonal nytteverdi. Det kan ikkje gis tilskudd til forskningsprosjektar. Det kan også gis tilskudd til utvikling og videreutvikling av etter- og videreutdanningstilbud innanfor landbruksnæringa med nasjonal nytteverdi.»

Utkastet til forskrift seier i §§ 1 og 3 at det er eit vilkår for å tildele midlar over ordninga at prosjektet skal ha nasjonal nytteverdi. Med nasjonal nytteverdi meinast at den type kunnskap, produkt eller tenester som vert utvikla gjennom prosjektet, skal vere tilgjengeleg for relevante målgrupper i heile landet. Formålet med vilkåret er å avgrense mot prosjekt som kan få støtte over de tilsvarande ordningar på regionalt nivå. I utlysinga frå Landbruksdirektoratet vart det lagt til grunn at ordninga skulle støtte nasjonale eller fylkesoverskridande tilretteleggingstiltak innan næringsutvikling og kompetanseheving med mål om å styrke verdiskapinga i landbruket.

Vestland fylkeskommune meiner formålet frå utlysing våren 2020 bør vidareførast og at ordet fylkesoverskridande bør inkluderas i § 3. Forslag til ny ordlyd for § 3: «Det kan gis tilskudd til tilretteleggingstiltak innan landbruksbasert næringsutvikling med nasjonal **eller fylkesoverskridende** nytteverdi. Det kan ikkje gis tilskudd til forskningsprosjektar. Det kan også gis tilskudd til utvikling og videreutvikling av etter- og videreutdanningstilbud innanfor landbruksnæringa med nasjonal nytteverdi.»

### § 4 Tilskuddsutmåling og tilsagn

Vestland fylkeskommune har ingen kommentar til §4.

### § 5 Melding om godkjenning av endringer

Vestland fylkeskommune har ingen kommentar til §5.

### § 6 Utbetaling og rapportering

Vestland fylkeskommune har ingen kommentar til §6.

### § 7 Administrasjon, dispensasjon og klage

Vestland fylkeskommune har ingen kommentar til §7.

### § 8 Kontroll

Vestland fylkeskommune har ingen kommentar til §8.

### § 9 Tilbakebetaling og renter

Vestland fylkeskommune har ingen kommentar til §9.

## § 10 Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft 1. januar 2021.

Vestland fylkeskommune har ingen kommentar til §10.

## Forslag til tillegg til forskrifta

Da ordninga vart forvalta av Matmerk var det knytt ei faggruppe til ordninga med representantar frå jordbruket. Faggruppa vart ikkje vidareført da forvaltningsansvaret vart overført til Landbruksdirektoratet, men det vart bedt om innspel på faglege prioriteringar frå representantar for avtalepartane, samt at avtalepartane har gitt innspel på innkomne søknader. Innstilling av søknadar bør skje i samhandling med representantar frå partnerskapen.

RT/RK-forskrifta har i § 16 Kunngjøring av søknadsbehandling *Fylkeskommunen skal kunngjøre hvilke tiltak som har fått tildelt midler og innvilget beløp.* Forskrifta for NT-ordninga bør ha ein tilsvarande paragraf.

## Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse i høyringssaker.

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ingen direkte verknad.

**Klima:** Ingen direkte verknad.

**Folkehelse:** Ingen direkte verknad.

## Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ingen direkte verknad.

## Konklusjon

Vestland fylkeskommune meiner at forskrifta er dekkjande i si utforming, men peikar på at prosjekt som strekkjer seg over fleire fylke bør falle inn under ordninga.